



Kinn kommune

Prøvetidsreglement

Vedtatt 16.04.2020, administrasjonsutvalet
013/20
Ansvarleg: Personalsjef

Prøvetidsreglement

Vedtatt 16.04.2020, administrasjonsutvalet.

Innholdsoversikt

1. Retningslinene sitt verkeområde

2. Heimel og gyldighet

3. Avgrensingar

4. Innhald

1. Retningslinene sitt verkeområde

1.1 Hensikten med retningslinene

Hensikten med retningslinene er å regulere bruk av prøvetid ved tilsettingar i Kinn kommune.

Retningslinene skal bidra til å sikre at nytilsette fyller dei krav som ligg i stillinga sitt ansvars og arbeidsområde. Nytilsette vil også på den måten få ein reell mulighet til å vurdere arbeidsgjevar, og eventuelt avslutte arbeidsforholdet med kort oppseiingsfrist.

Prøvetid er ikkje ei mellombels tilsetting.

1.2 Omfanget av det som vert regulert

Retningslinene kjem til bruk ved alle nytilsettingar.

Retningslinene kan nyttast når ein kommunal arbeidstakar vert tilsett i ny stilling med betydeleg forskjell i ansvars- og arbeidsområde.

Retningslinene skal brukast av alle og ikkje selekterast.

1.3 Kven retningslinene gjeld for

Retningslinene gjeld for alle tilsette – leiarar og øvrige medarbeidarar.

2. Heimel og gyldigheit

2.1 Heimel

Rammeverket for prøvetid er arbeidsmiljøloven, kapittel 15 – herunder spesielt §§ 15-6, 15-7 (3) og 15-11 (3) – samt Hovedtariffavtalens bestemmelsar om oppsigelsesfristar.

Retningslinene er drøfta og utarbeidd i saman med arbeidstakarorganisasjonane.

2.2 Gyldigheit

Retningslinene trer i kraft 01.05.2020

3. Avgrensingar

3.1 Kva retningslinen ikkje gjeld for

Ingen særskilde avgrensingar utover det som kjem fram av dei einskilde punkta i desse retningslinene, tilsetjingsreglementet, samt lover og forskrifter.

4. Innhald

4.1 Bruk av "retningslinjer for tilsette i prøvetid"

Kinn kommune "Rutinar for oppfølging av tilsette i prøvetid" er eit systemverktøy som skal brukast ved alle prøvetidstilsetjingar. Dette heftet skal nyttast i introduksjonen, samtalar og utvikling undervegs i prøvetida samt ved avvikling av prøvetida.

"Rutinar for oppfølging av tilsette i prøvetid" skal oppbevarast i personalmappa i prøvetida, og slettast ved prøvetida sitt utløp dersom arbeidstilhøve vert vidareført.

4.2 Skriftleg

Avtale om prøvetid er kun gyldig dersom den er gjort skriftleg i arbeidsavtalen. Informasjon om prøvetidsordninga i Kinn kommune, finn du på Kinn.kommune.no.

Ved utløp av prøvetida vil den tilsette automatisk gå over til å bli ordinært tilsett, dersom det i prøvetida ikkje er lagt fram dokumenterte forhold som gjer at arbeidsforholdet opphøyrer.